

Thaimat-vogna på plass

06.03.2013



Fredag 22. mars vert det Thaimat å få frå ei vogn som no har kome nesten på sin endelege plass ved Gamleskulen. Ivar Nesse og Pornthip Pomngern som bur på Sunde står bak tiltaket og vogna er den som tidlegare har stått i Dimmelsvik og som tilhørde Eivind Pedersen. Han skal i staden passera ei liknande vogn i Rosendal. Vognene er 9,6 kvadratmeter store

Vogna i Uskedalen vert ståande mellom inngangen til Gamleskulen og Hordaland-skiltet og det er inngått avtale med Uskedal Utvikling om straum, vatn og renovasjon.

Kommunen som eig grunnen hadde heller ingen innvendingar og meinte tiltaket også var tilfredsstillande utifrå rimelege estetiske omsyn, som det heiter i eit løyveuttrykk. Endeleg gav vegvesenet grønt lys til av- og utkøyring. Tiltaket har fått løyve for 2 år.

Vi har allereie sett menyen som inneheld 16 fristande rettar
Dei kjem vi attende til!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen